

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stades: Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Oddveig Birkeland, Grete Müller, Dagfinn Vik (vara).

Forfall: Sven Hove

Møteleiar: Linn Bæra

Møtedato: 03.10.2016

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 8/16

Møtestad: Solstrand Hotell, Bergen

Saksnr	Emne	Ansvarleg
10:00-11:30	<p>Fellesmøte med styret i Helse Vest.</p> <p>Det er styresekretær som skriver referat frå dette fellesmøtet.</p> <p>Kort oppsummering frå RBU om fellesmøtet med styret:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Til neste gang bør det være færre saker, slik at det blir meir tid til dialog. 	Linn Bæra
74/16	<p>Innkalling godkjent, ingen kommentarar.</p> <p>Til eventuelt blei følgjande saker meldt inn:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Helsedatautvalget – ingen brukarrepresentantar er med her. 2. Notat om indikatorar. Svarfrist for kommentarar er 20. oktober, slik at Grete Müller må ha innspel frå RBU innan den 10. oktober. 3. Frå Pasientsikkerhetskonsferansen 2016 – info om «Stopp sepsis sykepleier». 4. Harald Lindvik vil forberede ei sak til neste RBU-møte om tilbakemeldingsprosesser frå prosjektdeltaking. 	Linn Bæra
75/16	Referat frå sist RBU-møte godkjent, ingen kommentarar.	Linn Bæra
76/16	<p>Evaluering av brukarutvalet.</p> <p>Det er mogleg å levere elektronisk eller skriftleg evaluering (skjema var lagt ved innkallinga, og blei også delt ut i møtet). Evalueringa er ein del av forbetningsarbeidet i RBU, og det skal leverast til</p>	Linn Bæra

	<p>Linn Bæra innan, eller i neste RBU-møte den 24. oktober.</p> <p>Evalueringa er ein viktig del av forbetningsarbeidet til brukarutvalet, og vil bli gjennomgått og drøfta i RBU-møtet den 1. desember.</p>	
77/16	<p>Linn Bæra gjorde kort greie for alle dei presentasjonsoppdraga ho har hatt/skal ha framover på vegne av RBU:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Norm-konferansen 2016, E-helse direktoratet - Pasientsikkerhet og personvern • Helse Vest sin forskingskonferanse 2016 – «Brukermedvirkning i helseforskning» • Sykepleiersymposium 2016 - Hva er kvalitet for pasienter • Kvalitetsforbedrings arbeid i helsetjenesten, Universitetet i Bergen- «Hva er kvalitet sett fra brukerperspektivet». <p>Grete Müller orienterte kort om at hun skal holde eit foredrag i Helse Bergen i tillitsmannskonferansen for NFU Hordaland</p> <p>I møtet blei det spelt inn eit ønskje om at RBU utarbeider ei «smørbrøddliste» over foredrag som dei ulike brukarutvalsrepresentantane kan holde, og at denne «smørbrøddlista» kan leggest ut på nettsida til RBU.</p> <p>Linn Bæra vil sende et skjema til alle RBU-representantane om dei ønskjer å bidra som foredragshaldarar, også etter at dei er ferdige i brukarutvalet.</p>	Linn Bæra
78/16	<p>Omgrepet erfaringskonsulent, likeperson, etc – kva skal barnet hete?</p> <p>Likemanns-/likepersonsomgrepet er brukt i mange år av organisasjonane, og likemenn/likepersonar er tradisjonelt organisert som ein frivillig, ulønna innsats. Imidlertid ser vi stadig oftare ein tendens til at likepersonsoppgåvene også blir utført som ein lønna jobb. I møtet blei det presisert av fleire at å vere tilsett som erfaringskonsulent kan innebere å jobbe i eit system utan nødvendigvis å ha direkte kontakt med brukarane, mens ein likemann/likeperson jobbar direkte med brukarar/pasientar.</p>	Grete Müller
79/16	Brev og invitasjonar til/frå RBU	Linn Bæra

	<p>1. Invitasjon frå HOD ang Oppdragsdokument 2017.</p> <p>Frå RBU stiller Linn Bæra og Grete Müller. RBU gjekk igjennom innspela frå interregionalt RBU-møte den 28.-29. sept., og desse, saman med innspel frå RBU-møtet blir tatt med i møtet med HOD.</p> <p>2. Svar på førespurnad frå Grete Müller om bemanning ved fødeiningar i Helse Vest sommar 2016.</p> <p>Notatet frå Helse Vest blei gjennomgått i møtet. RBU er opptatt av at sjølv om bemanninga ved fødeiningar/fødetilbodet har vore tilfredsstillande, så kan det tenkast at dette har gått ut over tilbodet på barseleiningar. Linn og Grete vil følgje opp dette vidare med Helse Vest.</p>	
80/16	<p>Orientering frå interregionalt RBU-møte i Bergen den 28.-29. september.</p> <p>Sakslista blei gjennomgått. Når det gjeld saken Njål Idsø tok opp om arbeidet med anbod på medikament «TNF-hemmere», så vil RBU v/leiarane melde tilbake til Njål at dei støtter hans standpunkt om lengre anbodsrundar (frå 1 år til 3 år) for dei aktuelle medikamenta.</p>	Linn Bæra
81/16	<p>Orientering om deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper.</p> <p>Oppdatert oversikt lagt ved.</p> <ul style="list-style-type: none"> Innspel i sist RBU-møte om at RBU bør diskutere kva for grupper/prosjekt dei bør prioritere grunna svært mange førespurnadar. <p>Dette tas på neste RBU-møte den 24. oktober.</p>	Linn Bæra
82/16	<p>Høyring – forslag til felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå. Høringsbrev m/vedlegg var lagt ved møteinnkallinga.</p> <p>RBU hadde ingen kommentarar til forslag til retningslinjer, og leiar og nestleiar tar ansvar for å sende inn eit høyringssvar innan fristen 5. desember 2016.</p>	Linn Bæra
83/16	<p>Eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> Helsedatautvalget – frist for å gi innspel til notatet frå NFIM må sendast inn innan 20. oktober. Dei andre eventuelt-sakene blir flytta til neste møte grunna tidsnød. 	

Neste RBU-møte er den 24. oktober hos Helse Vest RHF på Forus kl 10-15.